

GRENDACUP 2013

Innbrot og Kvamsøy-dominans

Det vart ein dag utanom det vanlege då årets Grendacup i fotball vart arrangert laurdag 29. juni. Om morgonen vart det oppdaga at nokon hadde brote seg inn i klubbhuset på nattestid og stole kioskvarer. Dette sette likevel ingen dempar på arrangementet, som vart gjennomført med fire lag.

Kvamsøy stakk av med vandrepokalen i både Old Boys- og Aktiv-klassa. Dei einaste to gjestande laga slo Sandsøy Old Boys og Voksa FC i straffesparkkonkurranse etter spennande oppgjær.

På grunn av få spelarar, var Kvamsøy nøydde til å spele med mange av dei same i begge klassene. I tillegg fekk dei lånt spelarar busett på Sandsøya.

Først ut var Old Boys-laga. Første kamp enda 2-1 til Kvamsøy, medan Sandsøy trakk det lengste strået med same siffer i den andre kampen. Dermed ekstraomgang og til slutt straffespark.

Sameleis vart det i Aktiv-klassa. Voksa FC var det førande laget i begge kampane, men Kvamsøy var skarpe på overgangar. Første kamp 1-0, før Voksa-laget (representerte Sandsøy/Voksa) utlikna samanlagt i kamp to. På straffer var Kvamsøy nok ein gong best. Idrettslaget arrangerte cupen saman med laget Voksa FC. Eit godt opplegg var på plass,

men eit begrensa tal tilskodarar og få deltakarlag gjorde at det heile ikkje vart slik ein kunne håpe. Dei som var der fekk likevel sjå både gamle og nye heltar utfalde seg.

Planlegging og idear var det VFC som stod for, medan SIL stod med det totale og offisielle ansvaret. Arrangørgjengen hadde ordna med høgtalaranlegg der det vart gitt informasjon og spelt av musikk. På ein eigen stand promoterte Voksa FC si verksemd.

Elles på bana var det lagt til rette for aktivitetar for små og store, blant anna ferdigheitsmerkeprøver, men oppslutnaden var noko dårleg. Alt i alt ein kjekk fotballettermiddag for dei som var til stades, men det er sikkert at forbetringar må gjerast dersom arrangementet skal vere liv laga i framtida.

NB! Sandsøy IL fekk etter å ha meldt innbrotet til Politiet beskjed om å ordne opp i saka sjølv. Gjerningspersonen meldte seg kort tid etter, og partane har kome til ein ende på saka.

